



Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post: fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato
28.08.2013

Vår referanse
2013/3669
Rapportnummer
2013.015.I.FMSF

Avinor AS, avd. Sandane Lufthamn
v/Jon Granheim
Pb 150
2061 Gardermoen

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Avinor AS - Sandane lufthamn	Organisasjonsnr.: 985 198 292 Eigd av: 974 720 043
Stad og kommune: Anda, Gloppen kommune	Kontrolldato: 26.08.2013
Postadresse: Pb 150, 2061 Gardermoen	Løyvedato og internt nr.: 20.12.2010
Risikoklasse: 3	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Jon Granheim /48160068/jon.granheim@avinor.no	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Anne Sigrid L. Harjo Dagny K. U. Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input checked="" type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **2 avvik og 1 merknad**. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan 01.10.2013.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send via Miljødirektoratet (tidlegare Klima- og forurensningsdirektoratet) for innbetaling.

Med helsing

Anne Sigrid L. Harjo
overingeniør

Dagny Alvik
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sf

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Avinor Sandane lufthamn i den 26.08.2013.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavingdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **01.10.2013**. evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak.

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Verksemda gir inntrykk av å vere vel driven, og internkontroll synest generelt å vere godt ivareteke. Vi vil streke under at internkontrollen må omfatte ytre miljø, og at eit aktivt avvikssystem er ein god garanti for å verte betre på alle område som vert omfatta av forskrifta.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemda er plassert i risikoklasse 3, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag. Risikoklasse er fastset ved handsaming av utsleppssøknad, og er oppgjeve i utsleppsløyvet. Det vil seie at verksemda må betale kr. 11 700 i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til vedtaket, vert faktura med innbetalingsblankett sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Lufthamna har overskride ramma for bruk av flyavisingkjemikal

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 20.12.2010

Kommentarar:

Sandane lufthamn har løyve til eit forbruk av flyavisingkjemikal tilsvarande 7000 l 100% glykol. I 2012 vart det nytta om lag 9000 l. Dette vart meldt inn i eigenrapporteringa. De forklarar det med mellom anna vanskelege vinterforhold.

Det er operatørar frå Widerøe som gjennomfører flyavisinga. Selskapa har samordna internkontroll, og det er viktig at de saman har fokus på tiltak som kan minimere bruken av kjemikal.

Det er også viktig med tett oppfølging av forbruket. Dersom de ser at det i år også vil bli brukt meir enn tillate, må de gje melding til Fylkesmannen. Dersom lufthamna ser at ramma er for låg, må de vurdere om det er behov for å søkje om utvida ramme.

Avvik 2 Verksemda overheld ikkje leveringsplikta for farleg avfall

Avvik frå: *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta), Kap 11: Farlig avfall, §11-8.*

Kommentarar:

Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst ein gong per år dersom mengda av det enkelte stoff/avfallstype overstig 1 kg. Det var ikkje levert inn farleg avfall i 2011, og kun spillolje i 2010.

Merknad

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Kjemikal

Kommentarar:

Verksemda har eit oppdatert stoffkartotek på kjemikal som vert nytta, og har vore aktive med å få ned talet kjemikal i bruk. Verksemda opplyste om at det var problem å skaffe sikkerhetsdatablad på nokre stoff. Leverandør er pliktig å gje sikkerhetsdatablad på produkt som han leverer. Alternativt må de vurdere å bytte leverandør.

Kjemikal som har faremerking skal ha merking på emballasjen. Det vart observert ei blå tønne i verkstad som ikkje var merka.

Andre tilhøve

Lufthamna fekk etablert oljeutskiljar for under 1 år sidan. Vi gjer verksemda merksam på at det også er krav om årleg tømning av den.